

Kyrkjebladet for VAKSDAL

74.ÅRG./ NR.2 - 2020

*God
sommar!*



Min salme
Side 4

Utegudstenester
Side 5

Slekters gang
Side 11

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys.og ons. kl. 11-14**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62 / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin S. Audestad

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77 / E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sørlandsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Gruvevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34*Bilete på framsida: Fjellgarden Leiro, der det skal vera Olsokstemna 29. juli. Foto: Anne Margrete Eikefet.***Stoff til neste nr. må vera kome inn til 28. august.***Kyrkjebladet du no held i hendene er på mange vis tynnare enn det brukar å vere.**Grunna m.a. koronatida og sjukemeldingar manglar noko av det stoffet me elles ville hatt i dette bladet: Konfirmantbilete, intervju og Vegen-sidene.**Me vonar at bladet likevel er til både nytte og glede, og skal kome sterkare att i seinare nummer.****Snart er sumaren her***

So då var sumaren snart her. I det som kan sjå ut til å bli eit annleis år. Annus horribilis, eit frykteleg år, har mange kalla dette. Og kanskje med god grunn.

Korona har påverka oss alle på forskjellege måtar. Nokon er meir råka enn andre. Det er vanskeleg å sitja her i ein relativt trygg jobb, og ikkje tenkja på alle som er permitterte og går heime. Når kjem hjelpepakka frå staten? Når kjem tiltaka som gjer at nettopp mi bedrift kan starte opp igjen? Når kjem pengane frå NAV? Det er ingen kjekk følelse når den økonomiske plattforma som ein har blir riven vekk. Saman med jobben forsvinn også ein viktig del av livet reint sosialt. For ein stor del av det å jobbe er for mange den sosiale integrasjonen som ein har med kollegar, kundar og leverandørar. Kirkens SOS, Røde Kors og andre, har meir å gjera no enn nokon gong før. Det er mange som saknar å ha nokon å vera saman med.

Til dagen jobbar eg med mykje forskjellig, men noko av det som tar opp ein stor del av min arbeidskvardag er å informere om Korona. Eller det vil sei, informere om kva konsekvensar statlege, kyrkjelege og kommunale retningslinjer har. Kva konsekvensar har det for tilsette, brukarar, sokneråd, konfirmantar, pårørande, gravferdsbyrå, kor, frivillig arbeid osv. Det har vore ratt utfordrande å halda tritt med dei stadige endringane som kjem.

Det vert sagt at eit menneske bruker om lag 2-3 månader på å lage seg ein ny rutine. Om du gjer noko konsekvent over ein slik periode (t.d. går tur kva ettermiddag) har du laga deg ein vane. Forskinga viser at hjernen lagar nye elektriske forbindelsar på grunn av dei nye rutinane. Det at me no innfører ein masse nye rutinar i det sosiale livet, i det offentlege, og det private rom, kjem til å ta tid. At ein stadig vekk endrar desse rutinane litt, for å gå nærmare tilbake mot det «normale», gjer ikkje saka enklare.

Endring er vanskeleg. Det stirr mot all menneskeleg natur. Endring er ofte smertefullt. Men kan hende det kjem noko godt ut av det.

Eg trur at dette året vil gi mange av oss anledning til å tenkje nytt kring det me har, og kring de me kan mista. Me tar ikkje alt for gitt lenger. Kanskje 2020 vil føre til varige positive endringar? Kanskje det viser seg at det var eit annus mirabilis, eit vidunderleg år.

God sumar til dykk alle!!

Bjart-Magnus N Rosvold, Kyrkjeverje

Fellesrådsleiar:Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25
e-post: lars.patterson@vetlejord.com**Soknerrådsleiarar:**Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke,
tlf. 91 34 03 64Dale: Brith Kydland, tlf. 48 13 06 64
Eksingedalen: Bjørg Lavik,
tlf. 95 14 37 76Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim,
tlf. 93 05 46 36Stamnes: Bjørn Stamnesfet,
tlf. 41 41 33 51Vaksdal: Grete Loftheim Dale,
tlf. 99 26 81 28**Den norske kyrkja si heimeside:**www.kyrkja.no**Bjørgvin bispedømme si heimeside:**www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:**Bodoni AS, avd. Hardanger,
Øystese. Tlf. 46 63 09 33**Retur til:** Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam



Tenande leiarskap

Då sette han seg, kalla til seg dei tolv og sa til dei: «Om nokon vil vera den første, må han vera den siste av alle og tenar for alle.» Så tok han eit lite barn og sette det midt mellom dei. Han la armen om barnet og sa til dei: Den som tek imot eit slikt lite barn i mitt namn, tek imot meg. Og den som tek imot meg, tek ikkje imot meg, men han som har sendt meg.»

Markus 9.35-37

Guds ord maner oss til omsorg og å vere audmjuke. Ikkje minst gjeld det dei som vil vere store, eller er sett til å utøve leiarskap. For å få samanheng i teksta, må ein hugse på at i ein del språk er ordet for å vere tenar og å vere barn det same. På fransk heiter det garcon. Jesus snakkar om å ta lærdom av borna, å gjere seg sjølv til born. Det er ikkje å verte barnsleg eller uansvarleg, men å kunne gjere dei gjerningane Gud har kalla oss til i verda. Du må stadig øve deg i å sjå verda frå borna sitt perspektiv, eller dei små og sjuke sitt, dei fattige sitt, tenarane og arbeidarane sitt perspektiv. Det hjelpt ikkje å løfte bibelen høgt om ein tydeleg ikkje kjenner innhaldet i boka.

Dette perspektivet kjem att når Kristus skal døme den siste dagen. Det du har gjort mot ein av desse minste små, det har du gjort mot meg. Orda stikk i hjarte til nokon og kvar av oss. Dei vil vekkje oss til dyst. Me treng å gå inn i vår tid med dei utfordringane me møter. Dette gjeld ikkje berre toppleiarane, men kvar einskild. Det har me måtte lære no i Koronakrisa. Handlingane mine kan få få fatale konsekvensar for andre. Det gjeld dei nære i familie og på arbeidsstad. Det gjeld dei ein tilfeldig møter på gaten og i butikken. Reglane for hygiene er greie og lette å forstå.

Halde avstand, vaske seg, hoste i armhola, gå til lækjar og teste seg og elles halde seg heime når ein er sjuk. Korleis visa omsorg har brått endra seg denne våren. Men det som ikkje har endra seg er at me treng å tenkje på kva me gjer, så ikkje dei mest sårbare mellom oss vert alvorleg sjuke. Me ser og kor viktig det er at dei som er leiarar går framom og sjølv gjer det som er rett. Det gjeld for stater, i kyrkjer, på arbeidsplassar og skuler og det gjeld i dei nære samanhengane.

Men er ikkje evangeliet at det er tilgjeving å få når ein gjer urett? Er det ikkje at ein vert frelse av nåde ved tru og ikkje gjerningar? Det er sant. Berre ein har klart å gjere det gode og rette fullt ut. Det er Jesus. Difor er me alle avhengige av Guds nåde. Men når det er sagt, var det jo for kjærleiken si skuld at han kom og vart ein tenar for alle. Slik har han gjeve eit førebilete. Elsk kvarandre. Som eg har gjort mot dykk, slik skal de og gjere mot kvarandre. For kjærleikens skuld. Dei minste iblant oss treng at me alle tek ansvar. Her er det faktisk ikkje snakk om å vere liten eller stor. Dei som i praksis er store er dei som lik Jesus av omsorg gjer seg små og løfter fram den minste på jord. Ingen må tru at ho eller han er større enn dette barnet.

*Sokneprest
Edvard Bø*

Min salme

Jorunn Brekke vart i sist nummer av Kyrkjebladet utfordra til å skrive om sin salme:

I siste nr av Kyrkjebladet vart eg oppfordra av Herborg Holt Lid til å fortelje om mi salme. Dette var vanskeleg, det er så mange fine salmar som eg er veldig glad i, men å kalla ei av dei for mi heng litt høgt. Men ja, eit lite vers kan eg med handa på hjarta kalla mitt, andre verset av «Ned i vester soli glader» av Anders Hovden. Det var kveldsbøna mi! Gud og Fader lat oss sova, under englevakt i stova. Ver vårt vern om natta du! Og når siste dagen dalar, lyft oss opp i dine salar, lei oss over stjernebru!

Mine tidlegaste barndomsminner er glimt frå den siste krigsvåren. Eg ser for meg at me ungane sto og hang på grinda oppe i tunet og såg dei grå tyske krigsskipa som segla innover fjorden. Det var stor aktivitet heime i Bjordal, tyskarane hadde okkupert skulehuset og tilhøyrande lærarbustad, og framme i fjella var det kampar mellom tyskarane og mostandsgruppa Bjørn West.

Eg hugsar at soldatane gjekk kring på gardane og samla i hop hestane for å kløvje utstyr fram i fjellet, og far min og Anton, drengen vår, vart trua til å vera med for å visa veg. Men det var ikkje råd å komma opp dei bratte urane med hest, det visste far og Anton godt, dei visste også om ein annan veg, men det fortalte dei sjølv sagt ingenting om.

Eg hugsar me hadde pakka litt mat og kle og var klare til å «rømma på sko-

gen», eg ser for meg at me sprang framover Dalen og himmelen over oss var «tett» av fly. Ein gong har eg minne om at me hadde søkt tilflukt i naboen sitt grisefjøs, som var av mur og betong, og mor som sat der med folda hender og attlatne auge. Då bad eg kveldsbøna mi.

Ja, me var redde, ikkje utan grunn. Hadde krigen vart nokre dagar til, hadde både Bjordal og dei andre små glandene kring fjorden vore nedbrende. Men kveldsbøneverset mitt gav ein tryggheit om kvelden; få sova under englevakt!

Då eg byrja på sjukepleiaruskulen som det heitte då, var det ein song me song ofte: «Hver dag er en sjeldan gave». Den er eg også veldig glad i, men det er nok kveldsbøna som er *min* salme.

*Norsk Salmebok nr 823
T: Anders Hovden 1910
M: Norsk folketone (Trysil)*

*Ned i vester soli glader.
Takk for dagen, Gud og Fader,
gjev oss vern til natti no!
Takk for mat og takk for klede,
takk for arbeidskraft og glede,
gjev oss hjartefred og ro!*

*Gud og Fader, lat oss sova
under englevakt i stova,
ver vår sol om natti, du!
Når så siste dagen dalar,
lyft oss opp i dine salar,
lei oss over stjernebru!*

Bjart-Magnus Ndogo Rosvold blir med dette utfordra til å skrive om sin salme i neste nummer av Kyrkjebladet.



Skarvastølen: Frå stølsgudstenesta på Skarvastølen, då ho var der i 2007. Foto: Per Småbrekke.

Utegudstenester i sommar

Det er alltid med ei viss spaning me planlegg utegudstenester, for me kan jo ikkje vite korleis veret vert! Likevel legg me fleire slike inn i gudstenestplanen vår. Nett i år er han og påverka av koronapandemien. Så langt har det vore gudsteneste i Skipshelleren og Det tradisjonelle Fitjavasstemna på fjellet mellom Vaksdal og Samnanger. På den andre sida vart det ikkje familiegudsteneste i Agnarvik, og Fest på kjerka i Messehagen på Dale går ut då konfirmasjonane er flytta. Men desse utegudstenestene kan du få med deg:

Stølsgudsteneste på Skarvastølen (Bergsdalen)

Søndag 5. juli kl. 15.00

Stølsgudstenesta er i år på Skarvastølen på Berge. Ein kan parkere ved betongbrua på Berge. Det tek om lag 15 minutt å gå, men det er høve til å køyre fram til stølen for dei som treng det.

*Vert ikkje været bra nok
møtast me i kyrkja.
Har du spørsmål om turen
kan du kontakte Anne Hilde
Fosse Osvold (95 10 03 27)*

Olsokstemna på Leiro (Eidsland)

Onsdag 29. juli kl. 18.00

Leiro er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. Fordeisom vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Sauefjøset på Myster.

*Vert ikkje været bra nok møtast
me i kapellet.
Har du spørsmål om turen kan
du kontakte Frode Kvamsøe
(90 19 65 14)*

Utegudsteneste ved Beinhelleren (Trefall)

Søndag 16. august kl. 15.00

Det tek ca. 15 minutt å køyra frå Nesheim til Beinhelleren, på Fv. 5398 i retning Gullbrå. Etter å ha kørt over Trefallbrua tek ein til venstre inn på Holskarvegen. Dette er ein anleggsveg som har grusdekke. Det er ca. 3 km til Beinhelleren frå krysset ved bruhaugen. Ein finn staden ved å søkje på «Holskarvegen 370» på internett.

Sagnet seier at det blei funne beinrestar etter menneske under helleren aust for Beinhellervatnet. Det kan ha vore det som har gitt namn til staden. Området Beinhelleren vart sentralt under kraftutbygginga i området. Det var her brakkeriggen var plassert, og det er også eit tverrslag til vasstunnelen som går til Evanger her. Massar frå tunnelen vart plassert i terrenget utanfor tverrslaget. Eit faktaark om kulturminne i Vaksdal fortel at «Beinhelleren er ein gammal buplass i fjellet, truleg frå jernalder/middelalder. Sikkert ein stad der folk oppheldt seg på jakt.»

*Vert ikkje været bra nok møtast me i kyrkja.
Har du spørsmål om turen kan du kontakte Magnar Nese
(97 58 83 03)*

Det blir relativt korte gudstenester, og høve til å nyte medbragt mat og drikke etterpå. Sjå elles i gudstenestelista på side 12.

Konfirmantåret som nesten berre forsvann...

Då heile landet vart stengt ned i midten av mars vart og konfirmantundervisinga råka.

Alle samlingane vart avlyste. Dei siste vekene har konfirmantane hatt noko «nettstudium», det vil seie dei har sett filmar med undervisning og hatt

spørsmål å svare på i samband med desse.

Konfirmanttida tek no sommarferie, men startar opp att saman med skulen. Då skal konfirmantane samlast til ei Ung Messe i Vaksdal kyrkje søndag 23. august. Viss bestemmingane som skal redusere smittefaren tillet det vil dei førebu denne gudstenesta i grupper, og

delta på ulikt vis i gudstenesta. Gudstenesta vil i utgangspunktet vere open for alle, men smittevernomsyn kan gjøre at til dømes berre nokre av dei nærmeste til kvar konfirmant kan koma.

Konfirmasjons-gudstenestene blir 30. august (Dale og Vaksdal) og 6. september (Bergsdalen og Stamnes). Viss smittevernreglane tillet det blir dette som i

konfirmasjonane elles. Alternativet kan vere at heller ikkje her får alle vere med i kyrkja, eller at det bli fleire gudstenester dei aktuelle helgene. Korleis me gjer dette til slutt avheng altså av kva styresmaktene bestemmer no i juni og seinare i sommar - og kva me i dialog med heimane finn ut er dei beste løysingane.

...og konfirmantåret som kjem seint i gang

Dei som skal konfirmerast neste år får oppstart omrent ein månad seinare enn vanleg.

Dei som er av 2006-årgangen og er medlem i Den norske kyrkja i Vaksdal blir kontakta direkte med nærmere informasjon.

Ein dato dei kan merke seg er når konfirmantane skal presenterast for kyrkjelydane sine.

Dette skjer i ei gudsteneste, og desse gudstenestene er fordelt slik:

Eidsland kapell: Søndag 30. august kl. 15.00

Vaksdal kyrkje: Søndag 20. september kl. 18.00

Dale kyrkje: Søndag 27. september kl. 18.00

Stamnes kyrkje: Søndag 4. oktober kl. 18.00

Konfirmantleirane er utsett til nyåret, datoar er ikkje bestemte når dette bladet går i trykken.



Ungdomar fødde i 2006 som ikkje får denne informasjonen, men som ynskjer å fylgje konfirmantopplegget hos oss, kan dei ta kontakt med prestane eller Kyrkjekontoret for meir informasjon.

Elektronisk påmelding for alle på www.vaksdal.kyrkja.no

Kor mykje var samla inn i Fasteaksjonen?

Fasteaksjonen i år vart digital grunna korona-situasjonen, og folk kunne gje pengar via Vipps, SMS eller kontonr. Somme av sokna hadde innsamlingsaksjon på Facebook

Kirkens Nødhjelp har lagt ut resultatet av innsamlinga, og då kjem desse kronebeløpa fram for dei sokna som brukar å ha bøsse-innsamling:

Vaksdal: 20.063 (2019: 21.628)

Dale: 5.462 (2019: 21.780)

Stamnes: 4.199 (2019: 12.356)

Les gjerne meir om Fasteaksjonen på www.fasteaksjonen.no.

Det er framleis mogleg å gje pengar!





BARNAS SIDE

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland


David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gjøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.



Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 2208-7100

VITSAR

- Pappa, kvifor gifta du deg med mamma?
- Fordi mor di er ei helt spesiell kvinne.
- Korleis då?
- Ho var den einaste som ville ha meg.

- Eg klarer ikkje å sove når eg har drukke kaffi!
- Så rart! Med meg er det omvendt: Eg klarer ikkje å drikke kaffi når eg sov.

Informasjon frå kyrkjekontoret

Koronaepidemien har påverka oss i fellesrådet og kyrkja i Vaksdal.

Me var med på den store dugnaden når me skulle isolere oss mest mogleg, og me er no glade for at me kan starte opp igjen. Med dei restriksjonar som er gjeldande til ei kvar tid.

Eg vil nytte høve til å takke alle som nytter våre tenester, for at de har vore med på denne dugnaden. Takk for at de er solidariske, og viser forståing i ei vanskeleg tid. Me er ikkje i mål enno, men me er svært glad for at me kan starte opp dei fleste aktivitetane våre. Konfirmasjonar, barnedåpar og bryllaup har vore utsett. Det har ikkje vore enkelt for nokon.

Me forstår dei ekstra utfordrande problemstillingane dette gir mange av brukarane våre. Me vil her trekke fram gravferdssektoren spesielt. Det at me har restriksjonar på kor mange som kan delta i ei gravferd, er vanskeleg. Det er viktig for oss at dei pårørande får sei adjø til sine nære og kjære på ein verdig måte. Me som

jobbar innanfor kyrkja og med tilrettelegging dei kyrkjelege seremoniane er villige til å strekke oss langt for at dette skal kunne skje på ein so god og verdig måte som mogleg. Samtidig er det viktig at dette er innanfor dei statlege, kyrkjelege og kommunale retningslinjer som er gjeldande til ei kvar tid.

Sidan situasjonen endrar seg raskt, og det er mange vurderingar å ta, vil det vera feil å skrive for mykje om kva som gjeld akkurat no. Det er godt mogleg at det er noko anna som gjeld når du sit med kyrkjebladet i handa.

Eg vil oppfordre dykk til å bruke nettsida vår www.kyrkja.no/vaksdal, eller de kan sjå på Facebook-sida vår. De er også velkommen til å ringa kyrkjeverja direkte, om de har behov for informasjon. Prestane våre vil også kunne hjelpe med informasjon.



Vedlikehald på og rundt kyrkjene

I løpet av våren er det utført ein del vedlikehald på kyrkjene:

- Ved Eidsland kapell er det rydda skog rundt gravplassen. Vindauga i tårnet er reparerte og måla.

- Utanfor Eksingedalen kyrkje er jernportane reparerte, sandblåst og mala. Luftfuktaren i kyrkjerommet er reparert og satt i drift. I kyrkjerommet er det montert nye stikkontaktar til prosjektor og anna utstyr, og nye omnar er montert i sakristiet.

- Utanfor Stamnes kyrkje er jernporten reparert og mala.

- I Nesheim kyrkje er det montert og satt i drift ein overhala luftfuktar.

- I Bergsdalen kyrkje er fuger i fasaden mot sør reparerte.

- I Vaksdal kyrkje er fuger rundt inngangsportalen reparerte (for å hindre innetrenging av vatn).

Ottar Dalseid

Sjukyrkjeskonsert!

**Det vert orgelkonsert
med Ruben Gjertsen,
spelt inn i alle dei
sju kyrkjene i Vaksdal.**

**Konserten kan sjåast –
og høyrist – på kyrkja i
Vaksdal sine nettsider
frå 10. juni:
www.kyrkja.no/vaksdal**



I Dale kyrkje torsdagar kl. 19.00-20.30

Datoar:

27. august / 24. september

29. oktober / 26. november

VIPPS 

Vaksdal
kyrkjelege fellesråd
(t.d. bladpengar):
94073

Vegen
trusopplæringa:
514111

Vaksdal kyrkje:
137194

Dale Sokn:
525329

Stamnes sokn:
524776

Bergsdalen sokn:
552521

Nesheim sokn:
548798



Dáp

Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkommen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale
Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjekontoret i Vaksdal



VIL DU LÆRE Å SPELE ORGEL?

Frå i haust er det mogeleg å få undervisning på orgel i Dale eller Vaksdal kyrkje.

Interessert? Ta kontakt!

Helsing Ruben Gjertsen, organist

92 45 20 98/ rg794@kyrkja.no



Kyrkjebøker i Vaksdal

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år. 111 sider

NY PRIS kr 150,-

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje

50 år. 220 sider. **NY PRIS kr 100,-**

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.




Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

Kr 50,-

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



Soga om Stamneskyrkja (1986)


229 sider **Kr 50,-**

Jubileumshefte for

Stamnes kyrkje

Kr 100,- (Perioden 1986-2011)

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



Konfirmantjubileum til hausten

Stamnes - 50-årskonfirmantar

og årets konfirmantar:

Er ikkje bestemt når Kyrkjebladet går i trykken.

Informasjon og innbyding kjem i god tid på førehand viss det blir arrangement.

Vaksdal - 50-årskonfirmantar:

Er ikkje bestemt når Kyrkjebladet går i trykken.

Soknerådet sender brev.

Dale - 50- og 60-årskonfirmantar:

Søndag 18. oktober. Gudsteneste i kyrkja kl. 11.00, festsamkome etterpå.

Ta kontakt med sokneråda (sjå s. 2)
viss du saknar innbyding.

Det kan kome endringar viss
omsynet smittevern krevjer det.



Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Din lokale Rørlegger i Vaksdal

€ 95 97 17 00



GRAVMINNEN



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRA AS

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENOR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet


Bergsdalstunet

56 59 89 34

Nordhordland Begravelsesbyrå AS

AVD. VAKSDAL:
Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN
Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no



Tlf. 48 29 70 33

GJENSKINN

www.gravminne.org



**Alt innan
tømrararbeid**
Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Vaksdal

12.04 Amalie CF Rørgård



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

28.03	Olly Soltvedt	1927
30.03	Jan Helge Løtveld	1960
08.04	Britt Jorunn Bøthun	1941
19.04	Edit Thomassen	1925
20.04	Knut Fenne	1931
02.05	Ingebjørg Mathilde Berg	1943

Eksingedalen

22.04	Yngve Lavik	1935
05.05	Raymond Sjøholm (gravlagd på Eidsland)	1973

Stamnes


29.03	Synnøve Straume	1936
07.04	Oddbjørg Magnhild Solhaug	1929

Vaksdal

17.04	Solveig Ingvarda Rødberg	1920
21.05	Bjørn Thom	1928



DALETEC



**Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal
Postboks 113, 5721 Dalekvam**

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 28. juni - 4. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 5. juli - 5. søndag i treeiningstida
Skarvastølen (Bergsdalen) kl. 15.00. Stølsgudsteneste. Bø.
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 12. juli - Aposteldagen
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00 Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 19. juli - 7. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 26. juli - 8. søndag i treeiningstida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Onsdag 29. juli - Olsok
LEIRO (Eidsland) kl. 18.00. Olsokstemna. Kvamsøe.
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 2. august - 9. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 9. august - 10. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE kl. 19.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 16. august - 11. søndag i treeiningstida
BEINHELLEREN (Trefall) kl. 15.00 (NB klokkeslettet!). Utegudste-
neste. Kvamsøe. Dåp. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.
STAMNES KYRKJE kl. 19.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 23. august - 12. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe med konfirmantane, orga-
nistane og prestane m. fl. Nattverd.

Søndag 30. august - 13. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Søndag 6. september - Vingardssøndagen
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø.

Søndag 13. september - 15. søndag i treeiningstida
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

*Omsynet til smittevernet gjeld inntil vidare. Det gjer mellom annan at det inntil vidare er avgrensa tal på
deltakarar i gudstenestene. Sjå heimesida vår for meir informasjon, eller ta kontakt med Kyrkjekontoret.*



Bunad og stakkastovo as

ny bunad'

omsjøm

bunadsølv

tilbehør

Ring før avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no